



Eilif Hilmar Johannesen
Sleipners Veg 9 H
5221 NESTTUN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 21/10138 - 21/85719

Saksbehandlar:

Margarett Halland

margarett.halland@alver.kommune.no

Dato:

16.12.2021

Tilknytning til offentlig vann - Ber om ny vurdering

Me beklagar seint svar, me har stor saksmengd.

Visar til e-post og tidlegare telefonsamtale med Alver kommune vedkomande dykkar tilknytning 24.10.2017 til kommunalt leidningsnett.

Du har ved fleire høver tatt kontakt med kommunen der du etterlyser faktura for tilknytingsavgift. Me kan ikkje senda tilknytingsavgift til ein kunde utan at me har motteke ei røyrleggjarmelding og har ein søknad/sak og behandla. Dette har vorte informert om.

Her er det røyrleggjar som ikkje har gjort jobben sin slik han skal. Me kan ikkje behandla noko me ikkje har motteke. Tilknytingsgebyr vert sendt ut når kunde har fått godkjend tilknytningssak.

Du seier og ved fleire høver at du føler det er urimeleg at me no har sendt deg tilknytingsavgift og vassgebyr for 3 år tilbake i tid etter gjeldande satsar.

No i år har me fått inn røyrleggjarmelding på dykkar eigedom og du har fått ei godkjend tilknytningssak. Dette generere utsending av tilknytingsgebyr.

I 2021 er prisen Kr. 15.000 inkl. mva og me har nytta prisen for gjeldande år.

Du meiner at du skal få tilknytingsavgift på Kr. 12.500 og at dette var prisen i 2017 då du fysisk vart tilknytt det kommunale nettet.

Dette stemmer ikkje. Tilknytingsavgifta var i 2017 kr. 25.000 inkl. mva.

At du no har fått årets pris har gått i dykkar favør. Ta kontakt om du framleis ynskjer prisen for 2017.

Me kan heller ikkje fakturera etter ynskje ut frå kva kundar meiner er rimeleg eller ikkje.

Dette gjeld både tilknytingsavgift og prisar for løypande vassgebyr.

Me har eit gebyrregulativ som er vedtatt og dette må og skal me forhalda oss til.

Dette gjer at alle får lik behandling ut frå situasjon. Du har hatt kommunalt vatn frå 2017 og har fått faktura for tilknytning og 3 år tilbake i tid med vassgebyr.

Når nokon har hatt kommunalt vatn i ei årrekke som du, og ikkje har betalt tilkn.avgift må me ha inn ein søknad/røyrleggjarmelding og sender så ut tilkn.gebyr og vassgebyr tilbake 3 år etter gjeldande satsar. Dette er rein prosedyre ikkje ei vurderingssak frå vår side.

Me stillar oss uforståande til kvifor ikkje du sender klage til røyrleggjar, men meiner dette er kommunen sin feil.

Viss røyrleggjar hadde sendt inn søknad/røyrleggjarmelding når han skulle i 2017, hadde denne saka ikkje oppstått. Me forstår at det no vart store kostnader for deg på ein gong og dette er sjølvstøtt uheldig. Dette er ein diskusjon du får ta med din dåverande røyrleggjar.

Du nemner og at du har hatt andre store kostnader i forbindelse med legging av vassleidning.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Dei andre kostnadane de har hatt i dette prosjektet har ingen innverknad på dei kommunale gebyra.

Tilknytingsavgift og prisar for kommunalt vatn er noko ein må setja seg grundig inn i før ein knyter seg til det kommunale nettet. Du har ved fleire høver informert kommunen om at du har fått innlagt kommunalt vatn og det er bra. Me kan midlertidig ikkje senda kundar faktura utan at søknad er motteke hjå oss.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Margarett Halland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eilif Hilmar Johannesen

Sleipners Veg 9 H 5221

NESTTUN